



Prosjektstyring Vest AS
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2359 - 18/21964

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2018

Godkjenning - arealoverføring frå GBNR 22/218 til 22/230

Administrativt vedtak. Saknr: 275/2018

Tiltakshavar: Mjåtveit Næringspark AS
Søknadstype: Søknad om arealoverføring jfr. plan- og bygningslova(pbl) § 20- 1 bokstav m)

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Arne Kristiansen har, med fullmakt frå Mjåtveit Næringspark AS, søkt om løyve til arealoverføring av 0,453 daa frå gbnr. 22/218 til gbnr. 22/230.

Gbnr. 22/218 er matrikkelført som bergverk/industri. Den har eit samla areal på om lag 127,8 daa.

Mjåtveit Næringspark AS står matrikkelført som grunneigar. Arealet som er søkt overført er markert med grå farge på vedlagte situasjonskart, datert 12.09.18, journalført motteke 01.10.2018.

Vi viser til søknad journalført motteke 01.10.2018.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21- 3 andre ledd. Administrasjonen har ingen merknadar til nabovarslinga.

Lov - og plangrunnlag:

Endring av eigedomsgrenser er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at tiltaket «*må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.*»

Den omsøkte eigedomen er regulert til næring/industri/lager i reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø, planid: 125620120001. Arealoverføring er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. pbl § 26-1.

Arealoverføringa har ingen innverknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) løyve til overføring av areal på gbnr. 22/218 til gbnr. 22/230 i henhold til vedlagte situasjonskart. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b. Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring GBNR 22/218 til 22/230
Situasjonsplan
Nabovarsel
Fullmakt
Følgeskriv

Kopi til:

Mjåtveit Næringspark AS Grønamyrvegen 2 5353 STRAUME

Mottakarar:

Prosjektstyring Vest AS Postboks 66 5318 STRUSSHAMN